

Kvinnherad Ettersøkslaget
v/ Harald Risnes
Øresviksvegen 52
5455 Halsnøy Kloster

Til jegere, jaktlag og valdansvarlige i deler av Kvinnherad.

Kvinnherad Ettersøkslag vil tilby ettersøksavtale for jegrar på sørsida av Hardangerfjorden. Me kan ikkje tilby avtale på Hatlestrand, Ølve og Varaldsøy.
Avtalen gjelder da for den ordinære jaktperioden på hjort og rådyr i 2019, dvs. f.o.m. 10/8 t.o.m. 23/12.

Avtalen gjeld for jakt både på hjort og rådyr.

Prisen er i år kr. 200,- pr. fellingsløyve. Prisen er lik for både hjort og rådyr.

Me ber om at de fyller ut dette skjema og returnerer det til underteikna. Då vil de få tilsendt faktura. Faktura **SKAL** være betalt før ein starter jakta. Betalt faktura fungerer då som ettersøksavtale mellom jegrar og ettersøkslaget. Når ettersøkslaget har registrert at faktura er betalt, vert kopi av avtalen oversendt viltforvaltar i kommunen.

Husk at alle som jaktar i henhold til denne avtalen **SKAL** ha kopi av faktura med seg under jaktutøvelse.

Dersom det er søkt om skadedyr som ein begynner å jakta på tidlegare, må dette avtalast på førehand med Ettersøkslaget.

VAKTTELEFON ETTERSØK: 480 07 327

Legg inn nummer på mobil

Navn på ansvarlig vald-/jaktleiar eller jeger: _____

Valdnr: _____ Jaktfeltnr./navn: _____

Antal fellingsløyver: _____

Sendt inn av: _____ **Telefon:** _____

Adresse: _____

Send gjerne dette skjemaet som e-post til: harald.risnes@knett.no

Postadresse:

Kvinnherad Ettersøkslag
Att. Harald Risnes
Øresviksvegen 52
5455 Halsnøy Kloster

Med Venleg Helsing

Harald Risnes
Mobil: 992 12 606

Informasjon angående Ettersøksavtale for jakt på hjort og rådyr

Kvinnherad ettersøkslag tilbyr ettersøksavtale til jegerar og jaktlag i Kvinnherad som jaktar rådyr og hjort.

Ettersøksavtale vert kun inngått for heile jaktperioden, dvs. frå og med 10. august til og med 23. desember. Det vert og kun inngått ettersøksavtale for totalt antal fellingsløyver jaktlaget/jegeren har fått tildelt kvart år. Ettersøkslaget kan av praktiske årsakar ikkje inngå ettersøksavtale på nokre av fellingsløyva til jaktlag/jeger.

Bukkejakt på rådyr startar 10. august og varer til og med 23. desember.

Hjortejakt startar 1. September og varer til og med 23. desember

Rådyrjakt startar 25. September og varer til og med 23. desember

Kvinnherad Ettersøkslag har ikkje aktive ettersøksekvipasjar på Varaldsøy eller på Hatlestrand/Ølve sida av Kvinnherad. Ettersøkslaget kan difor ikkje tilby ettersøksavtalar under jakt i desse områda av kommunen.

Kvinnherad Ettersøkslag har i sin formålsparagraf eit mål om å fremja interessa for ettersøk etter skada hjortevilt og for auka bruk av hund ved ordinær jakt på hjortevilt. Juridisk er og ettersøk på skadeskote hjortevilt definert som ein del av jakta.

Kvinnherad Ettersøkslag vil difor ikkje tilby ettersøksavtalar til jaktlag og/eller vald som forbyr bruk av hund under ordinær jakt. Dette er i strid med vedtektene til laget og forbod mot bruk av hund under jakt medfører og forbod mot bruk av hund under ettersøk. Ettersøkslaget ønsker ikkje å oppmuntra til ei slik utvikling av jakt på hjortevilt der bruk av hund under jakt vert forbode.

For å unngå unødvendig stress ber me om at alle som vil teikna ettersøksavtale fyller ut skjema og returnerer det til Harald Risnes i god tid før jakta startar. Då vil de få tilsendt faktura i posten. Faktura **SKAL** være betalt før ein starter jakta.

For dei som jaktar hjort skal faktura vera betalt innan 23. august.

For dei som jaktar rådyrbukk skal faktura vera betalt innan 1. august.

Betalt faktura fungerer då som ettersøksavtale mellom jegerar og ettersøkslaget. Når ettersøkslaget har registrert at faktura er betalt, vert kopi av avtalen oversendt viltforvaltar i kommunen.

Husk at alle som jaktar i henhold til denne avtalen **SKAL** ha kopi av faktura med seg under jaktutøvelse.

For å letta arbeidet til kasserar, send inn ferdig utfylt skjema saman med kopi av kvittering for betalt beløp (Nettbank). Eventuelt gje beskjed om kva beløp som er innbetalt, innbetalingsstad (bank eller bank i butikk) og innbetalingsdato. Dette vil letta arbeidet til kasseraren.

Kvinnherad Ettersøkslag
Kjell-Rune Gausvik, Leiar